

Feiing og tilsyn i hytter og fritidsbustader

Kvifor feiing og tilsyn i fritidsbustader?

Etter at «forskrift om brannforebygging» vart sett i verk frå 01.01.2016 skal alle norske kommunar også prioritera feiing og tilsyn i hytter og fritidsbustader.

Det brenn årleg i mange hytter og fritidsbustader Noreg. Difor er det like viktig å stilla krav til branntryggleiken der som heime.

Dette skal, som i vanlege bustader, behovsprøvast.

Gebyr

Feiing og tilsyn er ei lovpålagd teneste som skal finansierast etter sjølvkost. Dette vil sei at gebyr som vert kravd inn til feiing og tilsyn med fyringsanlegg, skal gå til å dekkja alle utgiftene med tenesta.

Dette vera seg t.d. løn til feiarstaben, bilar, kontormateriell og administrasjon av tenesta.

Når det er sagt er det ikkje høve for kommunen å krevja inn meir enn det dei brukar til tenesta. Det skal altså ikkje vera ein ekstra skatt til drift av kommunen.

Gebysatsane er dei same som for vanlege bustader.

Varsel om feiing og tilsyn

Varsling om feiing og tilsyn i hytter skal føregå på same vis som for andre bustader. D.V.S. med SMS eller epost.

Sidan mange hytter ligg utan tilknytning til veg, og at mange eigarar har lang reiseveg for å komma til hytta, blir det lagt opp til at feiing og tilsyn skal gjennomførast samstundes.

Dersom varsla feiing og tilsyn ikkje høver, vert eigar oppmoda om å ta kontakt med feiaren direkte via telefonnummer som står i motteken melding. Då er det enkelt å avtala ny tid.

Tilkomst for feiing

Det skal stillast same krav til tilkomst for feiing på fritidsbustader som for andre bustader. Dette er beskrive i «Instruks for feiarane om tilkomst til skorstein på tak». Denne instruksjonen ligg tilgjengeleg på nettsida til Sogn brann og redning iks.

Behovsprøvd feiing og tilsyn

Alt lovpålagt arbeid som feiaren utfører i alle norske kommunar skal vera behovsprøvd.

Det vil sei at feiaren tek omsyn til ymse tilhøve slik som sotmengde, sotttype og t.d. fyringsmønster når vedkommande skal vurdere kor ofte det bør feiast i kvart fyringsanlegg. For tilsyn vil det vera andre tilhøve som vert lagt til grunn.

Dette betyr at nokre bustader vil få besøk av feiaren kvart år, medan andre får det sjeldnare.